



Leiknes FUS barnehage
Ove Sæbø
Storneset 1
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/131 - 15/1178

Saksbehandlar:
Kristin Moe
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:
20.01.2015

Rapport vedk stenging av barnehagen måndag 12. januar 2015

Viser til rapport vedkomande stenging av Leiknes FUS barnehage AS, datert 13.01.15.

De informerer om kva som låg til grunn for Dykkar vurderingar i høve til å halde barnehagen open måndag 12.januar 2015, sjølv om det var straumstans i området. De ber også om opplysningar om kva som låg til grunn for kommunen si handsaming av saka.

Kriseteamet i kommunen drøfta og ville ha belyst korleis stoda var ved Leiknes FUS barnehage denne dagen, og det var bakgrunnen for at De vart kontakta av avdeling for Miljøretta helsevern. Som tilsynsmynde meiner Lindås kommune at dette var innafor kommunen sin heimel etter §8 i barnehagelova.

Lindås kommune fatta ikkje vedtak om stenging av barnehagen (det er kommuneoverlegen som kan fatte vedtak om stenging) denne dagen, og det er nok delt oppfatning av kva som var innhaldet i telefonsamtalen mellom Dykk og miljøretta helsevern. I fall De vurderer det slik at råd som kom frå Miljøretta helsevern var feil, så ta kontakt med miljøretta helsevern for ein samtale.

Lindås kommune takkar for tilbakemeldingane i rapporten og ser fram til vidare samarbeid med barnehagen.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til: Miljøretta helsevern

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733
56 37 50 00



Mottakarar:

Leiknes FUS barnehage

Storneset 1

5915

HJELMÅS

Kopi til:

Miljøretta helsevern, Lindås kommune